

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested: Møterom	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Femunden, Parkgata 64, Hamar	30.01.2019

Sak nr :

RS 6-/-19**Breibandprosjekt - mandat****Bakgrunn**

Valdreskommunane har gjennom fleire prosjekt samarbeidd om breiband i Valdres. På tampen av 2018 vart søknaden for 2018 innvilga. Gjennomføring av dette arbeidet vil skje i tråd med styringsgruppas prosjektplan 2019-2020, sjå vedlegg 3. Sør-Aurdal kommune er søkar og prosjektansvarleg medan Valdres Natur- og kulturpark har gjennomføringsansvaret, sjå vedlegg 2.

I Valdres natur- og kulturpark sitt handlingsprogram(HP) er fyljande vedteke for 2019: «

Mål:

Bidra til at Valdres får auka tilgang til breiband

Delmål:

- *Midlane tildelast med bakgrunn i oppsett prosjektplan i kvar enkelt kommune*
- *Nye søknadar blir fremma frå Valdres*

Tiltak:

- *Godt samarbeid med kommunane om arbeidet*
- *Ha god kontakt med tilbydarar og Oppland fylkeskommune i arbeidet»*

Saksutgreiing

Årets tildeling frå både Nkom og Opplandfylkeskommune saman med kommunale tilskott gjev grunnlag for at mange fleire i Valdres får breiband, men likevel vil det vera att udekte områder. Styringsgruppa som er nedsett drøfta i sitt møte vidare oppfølging med nye prosjekt i Valdres. Det vil vera kommunane som set av pengar til medfinansiering av prosjekta, og det vil vera den kommunale handsaminga som avgjer om alle kommunane er med i nye søknadar. Frist for ny søknad til Nkom er vanlegvis tidleg mai og sak om medfinansiering må vera vedteken når ny søknad blir fremma. Oppland fylkeskommune har avsett midlar for ny søknad i 2019. Valdres Natur- og Kulturpark har ansvar for at søknadar blir samordna og fremma, jf HP 2019.

Styringsgruppa saman med prosjektleiar har utarbeidd ein strategi for nye søknadar, sjå vedlegg 1. Samarbeidet med kommunane er godt på rådmanns- og ordførarnivå, dei er og styringsgruppe for prosjekta. Styringsgruppa ynskjer at mandatet for nye søknadar blir sendt til kommunestyra for vedtak med årets gjennomføringsplan som vedlegg. Dette slik at kommunikasjon med kommunestyra og blir best mogeleg.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested: Møterom	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Femunden, Parkgata 64, Hamar	30.01.2019

Framlegg til vedtak:

1. Regionstyret sender kommunane forslag til Breibandsstrategi for Valdres med framlegg om fyljande vedtak:
2. Kommunestyret ikommune sluttar seg til framlagte forslag til breibandsstrategi for Valdres
3. Det er kommunestyret ikommune som gjennom ei eige sak vedtek medfinansiering av nye breibandsprosjekt.

Vedtak:

Vedlegg:

1. Breibandsstrategi for Valdres
2. Avtale VNK-SAK
3. Prosjektplan 2019-2020

sign.

Utskrift sendt til